



--

Arkiv saknr:	2017/2468
Løpenr.:	22627/2017
Arkivkode:	S05

Utval	Møtedato	Utval Saksnr
Kommunestyret		

Sakshandsamar: Jan Myrekrok

Tokke Vinje-vassdraget - prioritering av innspel til nye konsesjonsvilkår - endeleg handsaming

Vedlegg:

- 1 Justerte krav til kommunestyrehandsaminga
- 4 Kommunestyresak 13/50
- 4 vedlegg 3
- 4 vedlegg 4

Dokument i saka:

Sjå lenke til NVE sine heimesider lenger ned i saka.

Bakgrunn:

Denne saka tek først og fremst for seg om kommunane skal prioritere/spisse dei krav til nye vilkår for Tokke/Vinje-konsesjonane som kommunane fremja i 2010, med justeringar i 2013.

Saka har vore stilt på vent hjå NVE fram til i år. I samband med synfaringa i juni signaliserte kommunane at ein ville kome attende med ei prioritert liste over innsendte krav.

NVE skal ferdigstille si innstilling til departementet i løpet av 2018.

Vurdering:

Rådmannen syner innleiingsvis til *Vannkraftkonsesjoner som kan revideres innen 2022* (Rapport 49 2013) som er utarbeidd av NVE. På side 102 slår ein fast at minstevassføring i Kjelaåi og i Tokkeåi frå Åmot til Dalen har høg prioritet. Det same gjeld magasinrestriksjonar i fleire av magasinane av omsyn til landskap og friluftsliv. Vinje er no noregs fjerde største hyttekommune og har i tillegg over 100.000 andre gjestedøgn. Naturen er kommunens viktigaste ressurs og opplevingane av landskapet er heilt sentralt. Kommunane må leggje til grunn at NVE følgjer opp sin eigen rapport.

Revisjonsdokumentet og dei mange andre innspel finn du på NVE si heimeside på denne lenka:

<https://www.nve.no/konsesjonssaker/konsesjonssak/?id=4740&type=V-1>

Det blir teke utgangspunkt i nye standard miljøkrav og dette blir ein del av vilkåra under revisjonen. Miljøforbetrande tiltak kan fremjast fortløpande og blir ikkje ein gjenstand for NVE si handsaming no.

Felles kraftutval har vore - og er framleis, styringsgruppe både for arbeidet med Vassforvaltningsplanen og for vilkårsrevisjonen – for å sikre god samkøying og koordinering mellom desse prosessane. Kraftutvalet har hatt saka oppe til handsaming og forslag til presiserte krav (vedlegg 1) er utarbeida etter gjennomgangen i kraftutvalet. Her kan det sjå ut som kommunane reduserar sine krav monaleg samanlikna med dei krav som vart vedteke i 2010 og 2013, men bakgrunnen er altså at mange krav no må fremjast for Fylkesmannen/Miljødirektoratet i etterkant av at Regjeringa har vedteke nye konsesjonsvilkår.

Eit samandrag av gjeldande krav går fram av vedlegg 3, heile kravsettet av kommunestyresaka frå 2013 og vedlegg 4.

Utviklinga som har vore og desse nye nasjonale føringane inneber at fylgjande krav i staden må fremjast for Miljødirektoratet når standardvilkår er innført:

- a) Krav om biotopforbetrande tiltak i Bora
- b) Krav om betring av gytevilkår for fisk i Våmarvatn
- c) Krav om badeplass i Kåvsåi
- d) Krav om tiltak mot attgroing i Tveitevatn og Grungevatn
- e) Krav om betring av gytevilkår i Langeidvatn
- f) Krav om biotopforbetrande tiltak i Tokkeåi inkludert fisketrapp i helvetesfossen (fisketrapp er likevel med i kravsettet då ein ser denne som særleg viktig)
- g) Krav om badeplassar i Tokkeåi mellom Åmot og Gøytil og i Berdalsåi
- h) Krav om tur/sykkelveg på austsida av åi ved Edland
- i) Krav om tur/sykkelløype på austsida av Vinjevatn
- j) Krav om tur/sykkelveg frå akademiet til Rauland kyrkje

Så er det også nokre krav som bør vurderast nærare eller på nytt då utviklinga til dels har endra føresetnadane for krava - med kort grunngjeving:

- A. Veganlegg i Botndalen: Saka har vore oppe i Stortinget, fenge ein grundig handsaming i NVE samt i jordskifteretten og lagmannsretten. Likevel har NVE sagt at rettsapparatet berre har kompetanse til å avklare det privatrettslege mellom partane. Kommunane kan likevel krevje at veganlegget skal leggest på konsesjonæren som eit konsesjonsvilkår.
- B. Spylevatn i nedre del av Bora (frå Venemo) – vil truleg føre til meir attgroing i Tveitevatn, og er teke ut som krav i vedlegg 1.
- C. Krav om tappeordning i Byrtevatn for å gje meir naturleg vasstemperatur i Tokkeåi nedstraums Lio bør sløyfast. Statkraft har peika på at eit slikt anlegg truleg vil ta inn mest kaldt vatn frå utløpet av Byrte kraftstasjon og ikkje gje den verknad ein er ute etter. I staden bør minstevassføring i Tokkeåi frå Åmot og i Frolandsåi/Dalaåi samt

stenging av bekkeinntak prioriterast for å få meir naturleg vassstemperatur i nedre del av Tokkeåi. Er teke ut som krav i vedlegg 1.

- D. Krav om terskel i Sandtjønn (Bora/Vinje). Dette vart ikkje fremja under synfaringa, og er ikkje med som krav i vedlegg 1.
- E. Krav om opne tiltaksvegar på sørsida av Dalaåi, veg frå Hovdestad til Gøytil og vegen på vestsida av Vinjevatn. Må ev fremjast for Mdir med grunngjeving om tilrettelegging for friluftsliv. Er ikkje med som krav i vedlegg 1.
- F. Rydding i reguleringssoner og ålaup - er del av internkontrollen og underlagt miljøtilsyn frå NVE, og er såleis allereie inne som vilkår i gjeldande konsesjon.
- G. Krav om badeplass ved Sandnes – er fullført.

Rådmannens framlegg til formannskapet var

Vinje kommunestyre godkjenner vedlegg 1 som gjeldande krav til nye vilkår for Tokke/Vinje-konsesjonane.

Formannskapet handsama saka i møte 26.10.17 og gjorde eit vedtak som blir lagt fram for kommunestyret.

I ettertid har det vore arbeid ytterlegare med dokumentet fram til utsending av sakene til kommunestyret.

Ein syner og til referatsaka med tilleggsopplysningar frå Statkraft.

Vinje kommunestyre godkjenner vedlegg 1, med nemnde endringar nedanfor, som gjeldande krav til nye vilkår for Tokke/Vinje-konsesjonane.

Tillegg til vedtaks punkt: «... med desse endringane:»

Endringar i vedlegg 1:

s. 1, 5. avsnitt: Ordet Tokke endrast til «Vinje».

s. 8: Nytt tredje avsnitt til underpunktet 3.1.3: «Det er viktig for landskapsopplevinga at det er minstevassføring i elvene gjennom Åmot sentrum. Det krev at det sleppast miljøvassføring i Vinjeåi og frå Totak/Hyllandshylen/Leirli (Tokkeåi) gjennom Åmot sentrum, sjå og rapport 49/2013.»

s. 12, ny siste setning til andre avsnitt: «Nye dokument funne i oktober d.å. som visar at Statkraft under bygginga av Lio kraftverk sin utløpstunnel senka nivået i Helveteshylen med ca. 3,5 meter forsterkar ansvaret ytterlegare.»

s. 14, ny siste setning på sida: «Opplivinga av landskapet for allmenta må tilleggjast mykje større vekt. Noko som forsterkar dette er at Vinje kommune er Noregs 4. største hyttekommune og ein stor reiselivskommune med over 100 000 overnattingsdøgn pr. år i turisthytter, hotell, utleiehytter og campingplassar. Vinje kommune er inngang til Hardangervidda nasjonalpark. Det er òg eit moment at 7 mil av E-134 går gjennom kommunen – mykje langs dette vassdraget. Opplivinga av landskapet for allmenta må vege tyngre når Vinje er ei så stor reiselivskommune som vi er.»

- s. 15, fyrste avsnitt etter andre punktum, ny setning: «Då er sjølvpålagte restriksjonar lite verdt.»
- s. 15, andre avsnitt siste punktum: «Det skal ikkje vere naudsynt for konsesjonæren å disponere regulert vatn ut frå eit tørrårperspektiv, men ut frå at det kjem normalt tilsig.»
- s. 15: Avsnitt 4.2 og 4.3 blir sletta, og erstatta av eit nytt avsnitt: «Vinje kommune visar til krav om formalisering av magasinrestriksjonar som er sendt inn i 2010 og i 2013. Desse krava er uendra.»
- s. 16, avsnitt 5 under punkt 5: Ordet «truleg og ordet «kunne» styrkast.
- s. 16, avsnitt 6 under punkt 5: Ordet Tokke endrast til «Vinje».
- s. 21: avsnitt 2.5. Ny siste setning: «Statkraft skriv i sitt revisjonsdokument frå 2013 på s. 57 at ei simulering visar at eit mjukt fyllingskrav til 964 i Songa ikkje vil føre til tap av Gwh og kunn eit tap på kr. 1 million i eit gjennomsnittsar. Det er ein låg kostnad sett opp mot kor stor positiv miljøverknad det vil ha for ålmenta».
- s. 21: avsnitt 2.6, ny siste setning: «... og kan fråfallast dersom det blir minstevassføring i Bora gjennom Gjøsløysdalen, sjå kommunen sitt krav frå 2013.»
- s. 21: avsnitt 2.7. Ny siste setning: «Statkraft skriv i sitt revisjonsdokument frå 2013 på s. 55 at ei simulering visar at eit mjukt fyllingskrav i Kjela vil gje eit tap på 2 Gwh og ingen reduksjon i inntekter.»
- s. 22, til punkt 3.3 bokstav a, ny siste setning: «Før reguleringa gjekk det ferje over vatnet her, og det var trygg is om vinteren. Brua er for ålmenta si ferdsel over vassdraget.»
- s. 23, nytt punkt 3.5. (Evt. at dette blir punkt 3.4., og at 3.4. blir 3.5.: «Helleristningsfeltet Sporanen må sikrast.»

Saksordførar: Jon Rikard Kleven